

## **Tabell 2-k**

### **Innbyggjartilskot til kommunane (kap. 571, post 60)**

Innbyggjartilskotet blir i utgangspunktet fordelt mellom kommunane med eit likt beløp per innbyggjar (etter at tilskot som er gjeve ei særskild fordeling er trekte ut, jf. kolonne 8 i tabell C-k). Deretter skjer det ei omfordeling mellom kommunane på grunn av utgiftsutjamninga, korreksjonsordninga for elevar i statlege og private skular og inntektsgarantiordninga (INGAR). Skatteutjamninga inngår òg i post 60, men er ikkje med i Grønt hefte fordi ho blir berekna etter kvart som skatteinngangen ligg føre. Samla sum på post 60 for den einskilde kommune vil difor ikkje vere klar før i februar 2016. Utgiftsutjamninga, skatteutjamninga og inntektsgarantiordninga er reine omfordelingar mellom kommunane.

Innbyggjartilskotet, inkludert utgiftsutjamning og inntektsgarantiordninga, er basert på innbyggjartalet per 1. juli 2014. Skatteutjamninga blir basert på innbyggjartalet per 1. januar 2015.

#### **Kolonne 1 – Innbyggjartilskot før omfordeling**

Kolonne 1 viser løying på kap. 571, post 60 før omfordeling, etter at saker med særskild fordeling (tabell C-k) er trekte frå. Løyvinga på kap. 571, post 60 er 115 425 mill. kroner. Av dette blir 213,8 mill. kroner gitt med ei særskild fordeling. Innbyggjartilskotet er fordelt med eit likt beløp per innbyggjar til alle kommunane. For 2015 er innbyggjartilskotet før omfordeling 22 425 kroner per innbyggjar.

#### **Kolonne 2 – Utgiftsutjamning**

Kolonne 2 viser omfordelinga som følgje av utgiftsutjamninga og korreksjonsordninga for elevar i statlege og private skular. Utgiftsutjamninga og korreksjonsordninga er dokumentert nærmare i tabell A-k.

#### **Kolonne 3 – Saker med særskild fordeling**

Kolonne 3 viser fordelinga av saker med særskild fordeling i 2015. Fordelinga som kjem fram i kolonne 3 er dokumentert nærmare i tabell C-k.

#### **Kolonne 4 - Innbyggjartilskot før inntektsgarantiordninga**

Kolonne 4 viser samla løying på kap. 571, post 60 i 2015, før berekning av inntektsgarantiordninga. Kolonnen er summen av kolonnane 1 til 3.

#### **Kolonne 5 – Inntektsgarantiordninga (nettoeffekt)**

Kolonne 5 viser nettoeffekten av inntektsgarantiordninga i 2015, det vil seie inntektsgarantiordninga inklusive finansieringa av ordninga. Berekninga av inntektsgarantiordninga er dokumentert i tabell B-k.

#### **Kolonne 6 - Innbyggjartilskot med utgiftsutjamning og inntektsgarantiordninga**

Kolonne 6 viser samla løying på kap. 571, post 60 i 2015, i alt 115 425 mill. kroner. Kolonnen viser innbyggjartilskotet, medrekna utgiftsutjamninga, korreksjonsordninga for statlege og private skular, saker med særskild fordeling og netto inntektsgarantiordning. Kolonnen er summen av kolonnane 4 og 5. Kolonnen er òg vist i tabell 1-k, kolonne 1.